

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Bjerkreim

Emne: Beit og brom

Bygdelag:

Oppskr. av: Jørgen Skjæveland

Gard:

(adresse): Vikeså

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

„Beit og brom.“

1. Det er lite me vit om beit og brom. Folk nyttar ikkje så mykje dette foret. Difor har me ikkje noko sers namn på det. No vert det berre nytta av sune når det er mykje snø så saune må stå inne. Før var det nytta meir då folk hadde geiter.
- 2-4. Dei nyttar berre oks og vanleg slede til få foret heim med.
3. Dei køyrde heim heile bjøskete eller einer og hogg riset sund og gav saune (tidlegare til geitene au) utan noko tilsetning.
5. Eller dei gjorde som folk gjer no. Dei plar helst køyra heim heile lass med ris og einer og leggja det i garden (=tinet) så slupper dei ut saune og let dei eta det dei vil av toppane. Resten vert så nytta til ved. Dei køyrer det aldri heim for den dag saune skal få det, så det er heilt friskt.
7. Me kjenner ikkje til at det knyter seg noko skikkar og trær til dette.